



Fylkesmannen i Sør-Trøndelag

Postboks 4710 Sluppen, 7468 Trondheim
Sentralbord: 73 19 90 00, Telefaks 73 19 91 01
Besøksadresse: E. C. Dahls g. 10

200901815 - 22
- 9 JULI 2014
NVE - RM

Saksbehandler
Erlend K. Hovland
Miljøvern-avdeling

Innvalgstelefon
73 19 91 36

Vår dato
07.07.2014
Deres dato

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
2014/4448-561
Deres ref.

Norges vassdrags- og energidirektorat
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Merknadar til synfaring – Roksetbekken kraftverk – Rissa kommune

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag viser til synfaringane utført i samband med tre omsøkte vassdragskonsesjonar i Åfjord og Rissa kommunar: Grovlia, Roksetbekken og Trongstadlia (våre ref. 2014/3125, 2014/4448 og 2014/3126). Vi takkar NVE for vel gjennomførte synfaringar og vil i etterkant trekkje fram følgjande merknadar til det omsøkte prosjektet i Roksetbekken:

- Det er stadfesta at det er både elvemusling, ål og god tettleik av aure i Roksetbekken. Det lyt gjerast ei betre utgreiing i frå utlaup i Skauga til inntaket slik at verdiane kan takast vare på. Kanskje kan det finnast elvemusling med ulik type vertsfisk i vassdraget (både anadrom aure/laks og stadeigen aure). Vertsfiskens kår må fokuserast på når det kjem til bevaring av elvemusling.
- Det vart sagt på synfaringa at det har vore god tettleik av ål i Roksetvatnet tidligare. Vandringsmoglegheiten for arten må takast vare på.
- Vassføringa bør vera så høg at artane kan leve vidare i vassdraget.
- Kulpen der elvemuslingen lev må ikkje bli påverka av ei utbyggjing. Dette gjeld fysisk utforming, vassføring/vasshøgde og vegetasjonen kring kulpen. Vegetasjonen gir skugge for elvemuslingen, og skjul og næring for vertsfisk.
- Tørrleggjing som følgje av stans i kraftverket må ikkje kunne skje. Omløpsinnretning bør takast i bruk, men denne må ikkje føre til overmetning eller liknande som kan skade livet i vatnet.
- Flommarksskogen, gråor-heggeskogen, må bevarast så langt som råd.

Med helsing

Stein-Arne Andreassen (e.f.)
miljøverndirektør

Erlend K. Hovland
rådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.